

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal

Dato: 29.04.2022

Emne: Referat frå regionalt planforum 29.03.2022 - kommuneplanen sin arealdel - Ullensvang kommune

	Namn	Organisasjon/Etat	
Til stades:	Wermund Vethus	kommuneplanleggjar	
	Roald Aga Haug	Ordførar,	
	Kjellaug Hoås Samland	Vara-ordførar, Leiar styringsgruppe	
	Eivind Tokheim	Medlem styringsgruppe Utvalsleiar	
	Trygve Bolstad	Medlem styringsgruppe	
	Jørund Kvestad	Medlem styringsgruppe	
	Elin Eide Brattabø	Medlem styringsgruppe	
	Reidun Haugen Dalseth	Vara-utvalsleiar	
	Kristian Bondhus-Jensen	Kommunalsjef	
	Sigrid Halldorsson	Verksemdsleiar	
	John Ove Rørnes	Rådgjevar plan	
	Malin Jordal	Fagansvarleg byggesak	
	Svein Kornerud	Statsforvaltaren	
	Oddgeir Aardal	Statsforvaltaren, landbruk	
	Nicolas Johan I. Rodriguez	Statsforvaltaren, plan	
	Siri Erdal	Statsforvaltaren, bustad	
	Kurt Kåre Skagen	Statens vegvesen	
	Toralf Otnes	NVE	
	Turid Susort Jansen	Kystverket	
	Ingerid Bjørkevoll	Fiskeridirektoratet	
	Øyvind Wormdal Selboe	Direktoratet for mineralforvaltning	
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan	
	Bjørn Snorre Waage	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt	
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF, Koordinator for planforum	
	Heidi Handeland	VLFK-KII-Kulturarv	
	Berit Vik	VLFK-KII-Kulturarv	
	Rune Åland	VLFK-KII idrett og friluftsliv	
	Ingrid Melvær	VLFK-KII idrett og friluftsliv	
	Elisabeth Aune	VLFK-INN naturressursar, landbruk og reiseliv	
	Eva Sundal	VLFK-INV-forvaltning Vestland	
Gunhild Raddum (til kl. 14)	VLFK MOK transport		
Arve Helle	Politisk vald observatør		
Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv		

Forfall:
Sak: 2022/4000 - 12

Møtetid:

29.03.2022 kl 13-15

Møtestad: digitalt på teams

Møteleiar: Eva Kathrine Ritland Taule

Referat Planforum Ullensvang KPA – 29. mars 2022

Introduksjonsrunde – rundt bordet

Kommunen presenterer

v/ ordfører og kommuneplanleggjar

- **Presentasjon vert lagt ved planforumsreferat.**

Diskusjonsrunde:

- Ras som avgrensande faktor for utbygginga
 - NVE:
 - Forståing for tilnærminga til kommunen, gitt topografi og utfordringsbiletet i kommunen.
 - Nye kart knytt til flodbølgeproblematikk. Det finst moglegheiter for unntak frå sekundærverknader under visse føresetnader, gjeve i teknisk forskrift § 7-4. Det er pågåande arbeid knytt til vurderingar av konsekvensar/overvaking.
 - Kommunen: Overordna – kommunen har svært få areal tilgjengeleg til utvikling. Kommunen ønskjer at ein tek ein diskusjon/avveging av prioritering knytt til arealbruk, som til dømes – skredfare er viktigare enn jordvern. Dette er basert på det faktum at ein har svært lite areal tilgjengeleg. Er aktørar klar for å ta ein slik diskusjon?
 - Statsforvaltaren: Det har vore dialog mellom statsforvaltaren og kommunen på leiarnivå, og dei er kjent med nemnde prinsippa og utfordringane til kommunen. Statsforvaltaren vil vere klar på at vi ikkje kan gje noko generell aksept til prinsippa som er til drøfting i dette møtet, men vi ønskjer å vere på «tilbodssida» for løysingar som er i i tråd med lovar, forskrifter og statlege planretningslinjer.
 - Vi saknar meir om FN sine berekraftsmål og sosial bustadpolitikk. Kommunen må også ta stilling til kva ein manglar av kunnskapsgrunnlag i samband med planarbeidet – td. er det behov for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfald.
 - Ras som avgrensande faktor for samfunnskritiske funksjonar: Statsforvaltaren kan ikkje legge lista annleis for Ullensvang kommune enn for andre kommunar, på generell basis. Terskelen er som den er, men det er eit rom innanfor vanleg planlegging knytt til vekting av interesser.
- «Rasert strandsone»:
 - Kunnskapsbasert vurdering knytt til aktuelle områder. Statsforvaltaren kan ikkje legge lista annleis for Ullensvang kommune enn for andre kommunar, på generell basis. Terskelen er som den er, men det er eit rom innanfor vanleg planlegging knytt til vekting av interesser.
 - Fylkeskommunen tilrår kartlegging av funksjonell strandsone. Fylkeskommunen viser til webinar <https://www.vestlandfylke.no/kalender/2022/plannettverk-om-strandsona/> og kommande rettleiar om strandsona og kartlegging. Vi held oss innanfor regelverket, men det finst moglegheiter innanfor regelverket.
 - Kommunen: Vi ønskjer/forventar ingen blankofullmakt, men ønskjer å spisse problemstillinga, gitt dei utfordringane ein har mtp. tilgjengeleg areal. Kommunen har no snart store mengder overskotsmasser tilgjengeleg som kan nyttast til samfunnsnyttige føremål.
 - SVV: Viktig er tilkomst/avkøyrslar frå veg. Vanskeleg for SVV å ikkje følgje opp regelverk knytt til tilkomst/regelverk og trafikktryggleik.
 - Fylkeskommunen: Plassering av bustadområde og mjuke trafikantar. Kan fort verte utfordringar knytt til gang/sykkelveg dersom ein etablerer bustadfelt utilgjengeleg.

Dette er eit forhold ein må ta med

- Prinsipp om LNF-S Støl:
 - Statsforvaltaren: Utgangspunktet er igjen at det er problematisk med den føreslåtte kategorien LNF-S Stølsområde. Statsforvaltaren kan ikkje gje aksept til prinsippa for LNF-S Støl. Det er ikkje mogleg etter PBL. Utgangspunktet knytt til støling – er at ein har ein landbrukseigedom med aktiv drift og nyttar område til landbruksdrift og medfølgande praksis, og at arealet har kategori LNF. Dette opnar for støling, gjennom det som er tillate som del av landbruksdrifta. Fritidsbustader / nye bygningar/stølar som ikkje er direkte knytt til faktisk landbruksdrift kan vi ikkje gå inn for.
 - Kommunen: Svar: Verda går vidare, og færre driv med sau. Men andre interesser som må forvaltast, som til dømes forvaltning av fiskevatn. Difor bør dei som utøver slik forvaltning og kunne bygge seg eit stølshus. Det er ikkje snakk om store volum, snakk om nokon få som vil ha moglegheit, og ønskje om, å gjere dette. Det er ikkje snakk om å utvikle hytter som kan omsetjast, men eit tilbygg til ein gard.
 - Kommunen: grunnen til at ein tek opp desse tema er fordi det er utfordrande tema å få til innan eksisterande regelverk. Vi ønskjer å diskutere dette, og få det inn i «ordna forhold», få til ein dialog med overordna etatar på desse vanskelege tema.
 - Kommunen veit at LNF-spreitt opnar for frådelling, men det er ikkje det kommunen ønskjer å legge opp til.
 - Statsforvaltaren: Viser til Gloppen kommune som er i ferd med rullering av KPA. Dei prøver å løyse tilsvarande problemstillingar gjennom sonering til dømes. Men ikkje gjennom LNF-Spreitt, men gjennom retningsliner og løyse det frå sak til sak.
 - Fylkeskommunen: Det er ein eigen rapport (utarbeidd av Hardanger folkemuseum i 2012 v/ Anne Lise Brask Eriksen) knytt til stølsområde i gamle Odda kommune. Det er ikkje berre eit arealbruksspørsmål, utbygging i stølsområde må og sjåast i samheng med kulturområde/kulturmiljøverdiane. Mange flotte stølsområde i Ullensvang, og kulturminneseksjonen skeptisk til ytterlegare bygging i stølsområde. Redd for presedenseffekt. Regionalplan for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal austhei er også relevant i høve stølar.
 - Statsforvaltaren: Noterer seg førespurnad om Retningsliner knytt til stølsområde i Gloppen kommune sin KPA.
 - Kommunen: Mange stølar i kommunen, på mange forskjellige plassar. Kommunen ønskjer ikkje på nokon måte å øydelegge dei flotte stølsområda vi har. Men det er eit like stort problem at tidlegare stølsområde gror igjen og forfell. Kulturlandskapet forsvinn, og det vert ikkje skjøtta. Vi ønskjer å kunne ta vare på også desse områda gjennom å mogleggjere for noko enkel utvikling/tilrettelegging. Kommunen kan legge til rette for at gode kulturfaglege og arkitektoniske kvalitetar vert teke i vare om ein tillet noko stølsvikling/nye stølshus. Dette vil også ta i vare kulturlandskap.
 - Statsforvaltaren: §11,7. nr 5: føresegna i bokstav B – utbygging som ikkje er tråd med landbruksdrift, og då vert dette å forstå som fritidsbygg. Utgreiingar krevjast. Det må konsekvensutgreiast dersom ein legg til rette for å setje av areal til LNF spreidd fritidsbusetnad i nye områder, i utmark og i fjellområda. Vi viser til at kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med ein ny rettleiar for planlegging av fritidsbusetnad. Viser til rettleiaren for det som gjeld LNF: Garden som ressurs – som rettleier om handlingsrommet forlandbrukseigedomar innanfor areal sett av til LNF.
 - Gloppen retningsliner: Dei bruker dispensasjon som verktøy for handtering. Korleis stiller ein seg til bruk av dispensasjonspraksis.
 - Statsforvaltaren: Stiller seg ikkje positiv til å utvikle også eksisterande stølar om til meir moderne «hytter». Statsforvaltaren i Vestland er ikkje positiv til å

- legge opp til praksis der dispensasjonar blir praksis. Ein legg opp til «stadbunden fritidsbustad knytt til gardsbruk» som vert eit pluss for gardsbruket. Dette tøyser grensene for eksisterande regelverk, utvilsamt.
- Kommunen: Samd i siste resonnement – det er snakk om fritidsbustader knytt til gard, og då vert frådelingsproblematikk ei reell utfordring. Korleis handtere dette? Men voluma er små, og det bør ligge innanfor LNF for å unngå frådeling.
 - Fylkeskommunen: Viktig med kunnskapsgrunnlag, og at dette vert nøye vurdert gjennom KU.
- Fylkeskommunen, Kulturminne: Akvakulturanlegg – kva tenker kommunen om akvakulturanlegg og prinsippa knytt til sårbare område, nær- og fjernverknad, kulturlandskap m.m.?
 - Kommunen: Sortere på overordna nivå, basert på prinsippa – og vidare nytte fagekspertar for å konsekvensvurdere alle aktuelle innspel.
 - Akvakultur er en særskild viktig eksportnæring, og vi har gode erfaringar med oppdrettsnæringa (særleg Jondal kommune). Næringa har jobba tett med turistnæringa, og det fungerer veldig bra.
 - Fylkeskommunen: Sørfjorden: Kulturhistorisk landskap med nasjonal verdi – står lite om dette – kan kommunen si noko om korleis ein stiller seg dette?
 - Kommunen: Dette ligg i ryggmargen vår, og nær- og fjernverknader frå eventuelle akvakulturanlegg vert del av konsekvensutgreiing. Sørfjorden og Hardangerfjorden har mange attraksjonar, og kommunen er i aukande grad bevisst på å ivareta landskapsbiletet og dei visuelle kvalitetane, også med tanke på turistnæringa. Men kva tid er kulturlandskapet «perfekt»? Kva er det «rette» kulturlandskapet? Til dømes driv ein ikkje epleproduksjon likt som ein gjorde tidlegare. Kommunen poengterer at det er ein rekke andre tiltak som ein meiner vil forbetre kulturlandskapet i fjordane. Men verda utviklar seg, og det skal vere attraktivt å bu og drive næring i Ullensvang i åra som kjem og. Vi har mange omsyn (og regelverk) å ta, og det skal vi, men vi ønskjer å vere pragmatiske – få til utvikling til tross for dei avgrensa areala vi har til disposisjon.
 - Kystverket: Hovudleia i Hardangerfjorden går inn til Odda. I eit av prinsippa seier ein at ein vil flytte AK-anlegg lenger ut i fjorden. Det er ikkje problemfritt knytt til hovudlei og fri segling. Ta dette med i vurderingar tidleg i prosess, og kystverket stiller gjerne i arbeidsmøte knytt til dette.
 - Fiskeridirektoratet: Låsettingsplassar – kommunen ønskjer å redusere talet. Det mest effektive knytt til dette er å ha eit møte med Fiskeridirektoratet og lokale fiskarlag, for å gå gjennom plassane i kartet, og gå gjennom dette direkte. Vi oppfordrar til eit slikt møte, og det er også Fiskarlaget Vest positive til.
 - Statsforvaltaren: Viser til at det er mykje kunnskap knytt Hardangerfjordsystemet. Dersom akvakulturanlegg vert flytta eller nye vert lagt til, kan miljøtilstand i fjordsystemet bli påverka. Det er difor viktig at dette vert grundig utgreia i samband med KU. Ein bør ha føringar i arealplan som ivaretek laksefiskbestandane i samsvar med kvalitetsnorma for villaks med heimel i §13 i naturmangfaldlova. Meir informasjon om kunnskapsgrunnlag kan ein få på å vende seg til Statsforvaltaren.
 - Statsforvaltaren:
 - Strandsone - Statsforvaltaren stiller seg negativ til prinsippa der ein stadfester meterutstrekningar og høgdemeter osv. På prinsipp 15, 16 og 17, er ok, resten er ikkje det.
 - LNF-S Bustad: prinsippet blir for opent, og ein må her presisere tydelegare. Prinsipp bør revurderast.

av 5

- SVV: Bustad og næring – Fotgjengarbasert utvikling m.m., dette er positivt og det er dit ein ønskjer. Dette vert meir krevjande knytt til LNF-S bustad. Då vert skuleveg, gang/sykkelveg, busstopp og liknande, problematisk.
- Statsforvaltaren, bustad– Skryter av Ullensvang – har allereie utvikla ein god bustadplan, ta det også med vidare i arbeidet med KPA. Vurder og å ta i bruk eksisterande bustadmasse, ikkje berre bygga nytt.

Fylkeskommunen avsluttar og takkar for eit godt møte, og oppfordrar Ullensvang til å kome attende til Planforum før KPA vert ferdigstilt.

Kommunen takkar og for eit positivt og nyttig planforum.

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum VLFK
- 2 Tema for planforum
- 3 Planprogram KPA Ullensvang
- 4 Oppsummering av prinsipp for utarbeiding av arealdelen og særlege tema som er viktig for Ullensvang kommune
- 5 Kommuneplanen sine mål og strategiar 2020-2024
- 6 Kart over grunnkrinsar som får LNF-S som minimums bustadstilbod
- 7 Kart over sentrumsføremål
- 8 Prinsipp for fastsetjing av strandsone i kommuneplanen sin arealdel
- 9 Prinsipp for fritidsbustadar og akvakultur i kommuneplanen sin arealdel
- 10 Prinsipp for føremåla Landbruk, natur og friluftsliv - Spredt utbygging (LNF-S)
- 11 Prinsipp for omsyn til viktige verdiar i kommuneplanen sin arealdel
- 12 Prinsipp for sentrumsutvikling og næringsareal i kommuneplanen sin arealdel
- 13 Prinsipp for utforming av bustadsområde (1)